

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/4642-2

## Organisering av LAMU Oppretting av HMT-underutval for LAMU sentraladministrasjonen

### Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet legg ned arbeidsmiljøutvalet for ytre kultur.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber arbeidsmiljøutvalet for sentraladministrasjonen om å opprette to nye underutval som skal ivareta fylkesarkivet og fylkesbiblioteket sine hmt-interesser.
- 3) Reorganiseringa skal ta til å virke frå 1.1.2017

Vedlegg: Ingen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Organisering av LAMU etter ein pragmatisk eller ein organisatorisk måte?  
Notat til hovudsamarbeidsutvalet den 09.05.2012

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Den føreslegne reorganiseringa betyr nedlegging av LAMU Ytre kultur og oppretting av to nye underutval med enklare portefølje. Dei nye utvala for høvesvis fylkesarkivet og fylkesbiblioteket vert oppretta av LAMU sentraladministrasjonen. Dette grepet vil gjere helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved fylkesarkivet meir rasjonelt, meir lokalt tilpassa med rett dimensjonering og med rett lokal forankring.

### 2. Lovgrunnlaget

[Arbeidsmiljøloven § 7-1](#) inneheld reglar om plikta til å opprette arbeidsmiljøutval. Vidare vert nærare reglar for arbeidsmiljøutvalet skildra i [forskrift om organisering, ledelse og medvirkning](#). Einingar med 50 tilsette eller meir skal etter lova organisere eit eige LAMU. Til og med einingar mellom 20 og 50 tilsette skal ha slikt utval dersom ein av partane krev det. Arbeidstilsynet har også slik mynde.

Arbeidsmiljøutval kan oppretta underutval (HMT-utval). Arbeidsmiljøutvalet er knutepunkt for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet. Det betyr at det partsamansette utvalet virker for eit definert område (bygningar/areal) og er omfatta og ein vesentleg del av eininga sitt internkontroll system.

## **2. Reorganisering**

Ved fleire høve har problemstillinga om rett organisering av dei lokale arbeidsmiljøutvala (LAMU) vore framme. Konkrete innspel har peika på behovet for å legge ned, endre eller tilpassa LAMU ytre kultursektor som no femner om fylkesbiblioteket, fylkesarkivet og som også tidlegare var arbeidsmiljøutval for fylkesmusikkarrar og senter for musikkterapi lokalisert til Sandane. LAMU har fram til nyleg femna om spreidde funksjonar/personar som likevel isolert har vore for få til å komme inn under kravet til å ha eige arbeidsmiljøutval.

Funksjonane knytt til LAMU ytre kultursektor<sup>i</sup> har no samla sine einingar/funksjonar i Storehagen Amfi som ein del av sentraladministrasjonen. Eit unntak er fylkesarkivet som framleis held til i lokalar på fylkeshuset i Leikanger. Fylkesarkivet og fylkesbiblioteket er begge å rekne som ein ytre næring og kultur funksjon.

LAMU Ytre kultur skriv i referatet sitt frå møtet deira den 29. september 2016:

Organisatorisk er fylkesbiblioteket og fylkesarkivet i same situasjon, og må såleis ha same type organisering også når det gjeld arbeidsmiljøutval. Etter omorganiseringa i fylkeskommunen er fylkesbiblioteket og fylkesarkivet eigne etatar under fylkesdirektør for næring og kultur, Jan Heggheim.

Fysisk høyrer fylkesbiblioteket og fylkesarkivet til ulike bygg. Spørsmål knytte til det fysiske arbeidsmiljøet, som branntryggleik, luftkvalitet osv., vil det vere naturleg å ta opp i LAMU SA som handsamar slike saker både for fylkeshuset og Storehagen Atrium. På den måten kan vi sikre at fylkesarkivet får all nødvendig informasjon og moglegheit for medverknad på fylkeshuset og fylkesbiblioteket tilsvarande i Storehagen.

LAMU Ytre kultur ber om at modellar som ivaretek både organisatorisk og fysisk plassering for fylkesbiblioteket og fylkesarkivet vert utgreidde.

Reorganisering er no naudsynt og vi ønskjer å kome innspela i møte. Hovudsamarbeidsutvalet kan legge til rette for at fylkesarkivet og fylkesbiblioteket kan bli innlemma under LAMU sentraladministrasjonen med eigne HMT-utval. Hovudsamarbeidsutvalet kan oppfordre LAMU-sentraladministrasjonen til å opprette to underutval gjeldande frå same tidspunkt. Eit underutval for fylkesarkivet og eitt for folkebiblioteket er relevant. LAMU sentraladministrasjonen har vidare kompetanse til bestemme møte- og rapporteringsfrekvens for underutvala.

## **4. Konklusjon**

Framlegget til reorganisering vil gjere helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved fylkesarkivet og ved fylkesbiblioteket meir rasjonelt, meir lokalt tilpassa med rett dimensjonering og med rett lokal forankring.

---

i

Stiftinga Sogn og Fjordane kunstmuseum er eit desentralisert konsolidert museum med driftsansvar for Gjesmegalleriet i Lærdal, Anders Svor Museet i Hornindal, Astruptunet og Eikaasgalleriet i Jølster, samt Kunstsenteret og Kunstmuseet i Førde. Desse «ytre kultureiningar» vert ikkje omfatta av LAMU-ytre kultur. Det er heller ikkje vår intensjon.